

# Møteinkalling

---

**Utvalg:** Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

**Møtested:** Fondsbu

**Dato:** 26.09. – 27.09.2013

**Tidspunkt:** 15:00

---

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 947 89 126 eller 948 80 564.

## PROGRAM

Torsdag

- Oppmøte og innlosjering på Fondsbu: 1500
- Møte (med kaffi og noko å bite i): 1530
  - Årsmelding 2012
  - Presentasjon SNO for 2013 v/ Rigmor Solem
  - Styresaker
  - Presentasjon av vegskilting og innfallsportar
  - Rask gjennomgang av notat om internett, vegskilting og innfallsportar

Middag ca.19

Fredag:

- Frukost 0800
- Møte 0900
  - Framhald styresaker
  - Revisjon av besøksstrategien (definisjon innfallsportar og rangering)
  - Tiltaksplan informasjon
    - o Internett
    - o TurApp – presentasjon v/ Erlend Eggen/Magnus Snøtun
    - o Vegskilt
    - o Infrastruktur innfallsportar
    - o Skilt
    - o Markeringssteinar
    - o Anna informasjon
- Lunsj 1300

Vararepresentantane er inviterte til å delta møtet. Ein ser det som nyttig med brei deltaking i sak om drøfting av arbeidet i nasjonalparkstyret og prioritering av oppgåver framover. Dei vil ha status som observatørar ved behandling av saker med vedtak dersom den faste representanten er til stades.

Med helsing

Kari Sveen  
Nasjonalparkforvaltar

*Vel møtt til Fondsbu!*

## Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 30/2013	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST 31/2013	Referatsaker		
RS	Oppnevning av nytt varamedlem frå Vågå	2013/575	
RS	Søknad om tillatelse til bruk av bil til Glitterheim i forbindelse med vedlikehold	2013/2807	
RS	Besseggløpet 2013 – rapport	2012/7879	
RS	AU-behandling - Dispensasjon - Drift av rutebåten på Gjende - behov for ekstraturar 2013	2013/434	
RS	Møteprotokoll arbeidsutvalet Jotunheimen og Utladalen 09. september 2013	2013/1328	
RS	Besøksforvaltning i norske nasjonalparker	2013/575	
RS	Oppdrag - Oppdatering av truethetsvurderinger av verneområder – Naturbase	2013/5837	
RS	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Fagleg rådgjevande utvalg - referat frå møte 12. september 2013	2013/5906	
ST 32/2013	Delegerte vedtak		
1/2013	Jotunheimen nasjonalpark - Delegert vedtak - Dispensasjon - Motorferdsel - 2013 - Bruk av motorbåt for transport av materialer i forbindelse med byggearbeid ved Gjende - Stokk og Stein	2013/2664	
2/2013	Jotunheimen nasjonalpark - Delegert vedtak - Dispensasjon - Motorferdsel - 2013 - Løyve til utfrekting av material og avfall frå hytte ved Gjertvatnet - Fjellstyret for Luster austre statsallmenning	2013/5988	
3/2013	Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - Delegert vedtak - Motorferdsel - 2013 - Kjøring etter Gravdalsvegen i samband med landbruksverksemd - sauueigar Trygve Husom	2013/6006	

ST 33/2013	Utladalen landskapsvernområde - Dispensasjon - 2013 - Båtskjul/naust ved Øytjørn i Hjelledalen - Vidar Hjelle	2013/5981
ST 34/2013	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - søknad frå Juvasshytta og Raubergstulen om sikringstiltak/boreboltar på ruta mot Galdhøpiggen	2013/783
ST 35/2013	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2013 - Skilting til Jostigen og "Gjendinsjå" - Jørn Breili	2013/4762
ST 36/2013	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Drøftingssak om styret si rolle, arbeidsform/ansvarsfordeling og innspel til prioriterte oppgåver/tiltak	2013/575
ST 37/2013	Eventuelt	
ST 38/2013	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2014- 2016 - Bessegglopet - Besseggen Arrangement <b><u>SAKA BLIR ETTERSENDT</u></b>	

## **ST 31/2013 Referatsaker**

<b>Oppnevning av nytt varamedlem fra Vågå</b>	<b>2013/575</b>
<b>Søknad om tillatelse til bruk av bil til Glitterheim i forbindelse med vedlikehold</b>	<b>2013/2807</b>
<b>Besseggløpet 2013 - rapport</b>	<b>2012/7879</b>
<b>Møteprotokoll arbeidsutvalet Jotunheimen og Utladalen 09. september 2013</b>	<b>2013/1328</b>
<b>Besøksforvaltning i norske nasjonalparker</b>	<b>2013/575</b>
<b>Oppdrag - Oppdatering av truethetsvurderinger av verneområder - Naturbase</b>	<b>2013/5837</b>
<b>Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Fagleg rådgjevande utvalg - referat frå møte 12. september 2013</b>	<b>2013/5906</b>

## **ST 32/2013 Delegerte vedtak**

**1/2013 Jotunheimen nasjonalpark - Delegert vedtak - Dispensasjon - Motorferdsel - 2013 -  
Bruk av motorbåt for transport av materialer i forbindelse med byggearbeid ved Gjende -  
Stokk og Stein 2013/2664**

**2/2013 Jotunheimen nasjonalpark - Delegert vedtak - Dispensasjon - Motorferdsel - 2013 -  
Løyve til utfrakting av material og avfall frå hytte ved Gjertvatnet - Fjellstyret for Luster  
austre statsallmenning 2013/5988**

**3/2013 Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - Delegert vedtak -  
Motorferdsel - 2013 - Kjøring etter Gravdalsvegen i samband med landbruksverksemd -  
saujeeigar Trygve Husom 2013/6006**

Arkivsaksnr: 2013/5981-0

Saksbehandlar: Magnus Snøtun

Dato: 19.09.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	33/2013	26.09.2013

**Utladalen landskapsvernombområde - Dispensasjon - 2013 -  
Båtskjul/naust ved Øytjørn i Hjelledalen - Vidar Hjelle****Forvaltar si innstilling**

Med heimel i verneforskrift for Utladalen landskapsvernombområde pkt. IV, 4b, får Hjelle gard v/Vidar Hjelle løyve til:

- Å ha eit båtskjul ved Øytjørn for å skjule og sikre båt som blir brukt i samband med fiske.

Løyve er gjeve på følgjande vilkår:

- Båtskjulet skal halde dagens fysiske utvendige mål (4 m djupt, 2 m breitt og 1,7 m høgt (topp møne)) og ha same utforming (torvtak).
- Båtskjulet skal lagre båt og naudsynt utstyr til båtfiske. Bruksendring er ikkje tillatt

Tiltaket er allereie gjennomført og tiltakshavar har søkt om løyve i etterkant. Dette er ein framgangsmåte som ikkje kan sette seg. Nasjonalparkstyret forventar at behandlinga av politisaka tek dette inn og at det blir reaksjonar mot tiltakshavar på prosessen.

**Saksopplysningar***Dokument i saka*

- Søknad av 23.04.2013, frå Vidar Hjelle for Hjelle gard.

*Søknaden skal handsamast etter*

- Verneforskrifta for Utladalen landskapsvernombområde av 5. desember 1980
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

## Bakgrunn for søknaden

Vidar Hjelle er bror av eigar av Hjelle gard og bur på garden. Han har forvalta gardsbruket i fleire år og opptrer på vegne av eigar.

I 2008-2009 bygde han det han kallar eit båtskjul ved Øytjørn i Utladalen landskapsvernområde i Årdal kommune. Øytjørn er eit vatn på om lag 0,13 km<sup>2</sup> og ligg øvst i Hjelldalen på 950 moh. mot Morkaskaret. Nedbørsfeltet er på om lag 2,5 km<sup>2</sup> mot vest, nord og aust og det er fleire bekkar inn i vatnet. Store deler av vatnet er grunt. Det er naturleg reproduksjon av fisk i vatnet og produksjonen er relativt høg.

Heile vatnet ligg innanfor eigedomen til Hjelle gard og dei har hatt båt liggande ved vatnet sidan 1980-talet. Båten har fått skader av snøen fleire vintrar og Hjelle bygde skjulet for å sikre båten mot skader. Båten som tidlegare var drege opp på land var også veldig synleg. Tiltaket vart ikkje omsøkt til korkje kommunen eller verneområdemøyndigheitene og bygget vart oppdaga av naturoppsynet vinteren 2013. Då tiltaket ikkje var omsøkt, vart forholdet meld til politiet. Hjelle har i etterkant søkt nasjonalparkstyret om løyve til å sette opp bygget, dvs. ha det ståande.

## Heimel

Søknaden må handsamast etter verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde og etter naturmangfaldlova §§ 8-12.

I landskapsvernområdet er oppføring av bygningar og anlegg forbode (verneforskrifta pkt. IV, 2). Unntaka er knytt til bygningar knytt til landbruksdrift i Vettisområdet og vedlikehald av bygningar. I tillegg kan forvaltningsstyretemakta gje løyve til oppføring av jakt- og fiskebuer (verneforskrifta pkt. IV, 4b) og oppføring av bygningar i medhald av fjellova §35 – blant anna naust i statsallmenning (verneforskrifta pkt. IV, 4c).


## Vurdering

Formålet med landskapsvernområde er lista opp i verneforskrifta pkt. III:

*«Formålet med landskapsvernområdet er å verne eit vilt og vakkert vestlandskap med naturmiljø, kulturminne i tilknyting til Jotunheimen nasjonalpark, samstundes som områda skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske.»*

Verneområde er verna mot inngrep som endrar landskapet. Påverknaden vil variere med omfang, plassering og utforming. Sum-verknad og presedens er også viktig å vurdere.

Hjelldalen er ein av fleire hengande sidedalar til Utladalen. Ved utløpet renn Hjelldalsfossen ned mot gardsbruket Hjelle og hovudelva Utla. I Hjelldalen er det to stølsområde; Heimre Hjelldalen (594 moh.) og Fremre Hjelldalen (763 moh.). Hjelldalen er varierande med både barskog og lauvskog og varierande myrområde. Her er både hjort og elg og dalen har vore eit viktig vinterområde for rype, sjølv om bestanden har vore mindre dei seinare åra. Deler av skogsområda har stort innslag av grove bar- og lauvtre. Det er registrert hekkelokalitet for kongeørn i Hjelldalen. Over Fremre Hjelldalen opnar skogen seg opp sjølv om skoggrensa ligg på om lag 1000 moh. Øytjørn ligg heilt opp mot Morkaskaret på ein avsats over Hjelldalen. Her kjem turrute opp frå Vettismorki og går vidare mot Slettningsbu og Tyinholmen ved Øytjørn. Turstien deler seg ved Morkaskaret og går på begge sider av vatnet. Det er naturleg forynging av fisk i Øytjørn og det blir ikkje sett ut fisk. Utfordringa for fiskebestanden er at produksjonen er så god at vatnet blir overbefolka. Hjelle har brukt båten for å fiske ut småfisk regelmessig. Kunnskapsgrunnlaget om området er godt (§8 i naturmangfaldslova).



**Figur 1:** Kartutsnitt av Hjelledalen og Vettismorki. Øytjørn ligg like sør for Morkaskaret.

Utkast til forvaltningsplan er det presistert at det normalt ikkje vil bli gjeve løyve til oppsetting av privat hytter, buer eller naust. Det er skilt mellom nye bygningar i område som allereie er utbygd og område utan bygningar. Samtidig er det i verneforskrift for landskapsvernområdet opna for at forvaltningsmyndigheita kan gje løyve til oppføring av jakt – og fiskebuer (pkt. IV4b), ei opning som ikkje er til stades i verneforskrifta for nasjonalparken (begge opnar for at det kan bli gjeve løyve til bygningar i medhald av fjellovas §35). Utkastet til forvaltningsplan slår fast at nye bygningar på stadar der det ikkje finst bygningar frå før er uheldig i høve til verneverdiane og vil ikkje få løyve. Vurdering av effekten på verneverdiane vert dermed viktig.

Verneverdiane ved Øytjørn er i hovudsak landskapet. Det er ikkje ønskjeleg med nye framandelement i opplevinga av landskapet som t.d. bygningar. Båten som har vore i opplag her sidan 80-talet er også eit framandelement. Den har vore godt synleg frå turvegane ved vatnet. Hjelle har prøvd å finne naturleg skjul for båten som både gøymer han og hindrar snøskader, men han har ikkje funne noko som er eigna. Søknaden gjeld eit båtskjul på sør-austsida av vatnet. Turstien går i overkant av lokaliteten og bygget er trekt om lag 5 meter vekk frå strandkanten så det ikkje hindrar ferdsel langs vatnet. Det er ingen naturleg stoppestad ved båtskjulet. Båtskjulet er veldig godt tilpassa terrenget og svært lite synleg.



**Figur 2: Til venstre: Utsyn mot vatnet og båtskjulet frå tursti vest for Øytjørn. Ikkje mogleg å sjå skjulet utan å vite kvar det ligg. Til høgre: Først når ein kjem heilt innpå, legg ein merke til bygget.**

Den synlege delen er i all hovudsak tak som er dekka med torv. Veggene går inn i bakken. Inngangen (kortveggen) er ca. 2 meter brei og 1,4 meter høg. Skjulet er ca. 4 meter langt. Skjulet har berre plass til båten, men garn er hengt opp over båten. Tilpassinga av skjulet gjere at påverknaden på landskapet ikkje er større enn når båten låg i opplag på land, heller mindre. Verneverdiane i landskapsvernombret blir dermed ikkje påverka nemneverdig. Det er ingen usikkerheit om utforming og effekt på landskapet for dette bygget (§9 i naturmangfaldslova ikkje relevant).



**Figur 3: Portane er synlege, men bygget ligg inn i bakken om lag 5 meter ned til vatnet. Inne i bygget er det ikkje golv og berre plass til båten og nokre garn.**

Dette er eit lite byggetiltak, men tiltaket skulle vore meldt til kommunen slik at dei kunne gjere ei vurdering av tiltaket etter plan- og bygningslova sidan bygget ligg nære strandsona. Plasseringa av bygget gjere at det ikkje hindrar fri ferdsel langs vasskanten og administrasjonen i Årdal kommune har vurdert at dette tiltaket vanlegvis ikkje vil krevje byggesøknad (bygg mindre enn 15 m<sup>2</sup> utan opphaldsrom - kommunikasjon mellom administrasjonen i kommunen og nasjonalparkforvaltar).

Sjølv om tiltaket er tilpassa terrenget og landskapet på ein god måte slik at verneverdiane vert mindre påverka, vil fleire båtskjul, både ved Øytjørn og ved andre fiskevatn, kunne ha negativ påverknad på verneverdiane i verneområdet (presedensverkand og §10 i naturmangfaldslova).

Øytjørn er i privat eige og det er ikkje aktuelt med fleire bygg her. Det er ikkje aktuelt med anna bruk av dette skjulet på grunn av låg høgde på skjulet og svært enkel utforming - utan golv og med areal som akkurat rommar båten.

Elles i Utladalen landskapsvernombordet er det kjent to stadar med opplag av båt per i dag. I 2010 søkte Årdal jeger og fiskerforening om å sette opp eit naust for båt som dei hadde i opplag ved Trollsjøen. Denne søknaden vart avslege ut frå presedensverknaden for Jotunheimenområdet. Skilnaden mellom den saka og denne er at Årdal jeger og fiskerforening kan utøve sin aktivitet utanfor verneområdet (dei har per i dag 12 utleigehytter for fiske). Den andre kjende staden i landskapsvernombordet med opplag av båt er ved Austabotnvatnet. Her er det fleire grunneigarar i ei sameiga og her har det også vore snøskader på båten. Også her må effektane på landskapet vurderast om det skulle vere aktuelt å skjule denne båten i staden for å ha han liggande i opplag på land. I Jotunheimen nasjonalpark er det fleire opplag av båtar og naust. Formålet med vern av nasjonalparken er også å verne eit «...i stor grad urørt fjellandskap...». Terskelen for å kunne føre opp nye bygningar bør derfor vere høgare i nasjonalparken enn i landskapsvernombordet.

§11 og 12 i naturmangfaldslova er ikkje relevant for denne saka.

#### *Oppsummering:*

Det skal vere streng dispensasjonspraksis for oppføringer av nye bygningar i verneområdet der det ikkje er bygningar frå før. Presedens må vurderast nøyne, men det er ein skilnad mellom landskapsvernombordet og nasjonalparken. Det er derfor vurdert at denne saka ikkje har presedens for nasjonalparken.

I denne saka gjeld det eit båtskjul som er sett opp av grunneigar for å kunne utnytte sine utmarksressursar og sine fiskerettar. Det er dermed ikkje aktuelt med fleire bygg i området. Dersom bygget blir plassert godt i terrenget og utforminga er god, vil ikkje båtskjulet bli eit større framandelement i landskapet enn opplag av båt utan skjul. Plassering, utforming og materialval for dette båtskjulet er veldig bra og effekten på landskapsverdiane er mindre enn opplag av båt utan skjul slik det vore sidan 80-talet.

Bygget er sett opp utan løyve og vurderingar av offentlege myndigheter. Sjølv små bygg som er sett opp i strandsona skal bli vurdert etter plan- og bygningslova av kommunen og særleg etter verneforskrifta. At tiltakshavar har søkt i etterkant, gjere at løyve om tiltaket blir vurdert som om det ikkje står der i dag av nasjonalparkstyret. Prosessen med å sette i gang tiltak først og søker i etterkant er feil og må få konsekvensar for tiltakshavar. Det er ein praksis som ikkje kan utvikle seg og som kan gje irreversible skader på verneverdiane. Det er venta at politiet ser alvorleg på dette i si behandling av saka.

#### *Konklusjon:*

Nasjonalparkforvaltarane vurderer tiltaket med båtskjul som positivt for å kunne vidareføre bruk av utmarksressursen knytt til eigedomen og ta ut fisk for å halde vatnet i god hevd. Effektane på landskapsverdiane er mindre enn opplag av båt utan skjul.

Arkivsaksnr: 2013/783-5

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 06.09.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	12/2013	25.04.2013
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	34/2013	26.09.2013

**Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - søknad frå Juvasshytta  
og Raubergstulen om sikringstiltak/boreboltar på ruta mot  
Galdhøpiggen****Forvaltar si innstilling**

1. Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Juvasshytta og Raubergstulen løyve til å ha fire boreboltar med tau for å leie folk på ein sikker trase ovafor Piggebreen når snø- og isforholda tilseier at ein bør unngå å gå langs øvre kanten av breen pga fare for å skli utfør. Løyvet blir gjeve på følgjande vilkår:
  - Tilrettelegginga skal utførast på ein mest mogleg diskret måte, og tiltakshavar har ansvar for jamleg tilsyn/vedlikehald.
  - Utanom den korte strekninga ovafor breen må det ikkje riggast med tau som blir ståande oppe når passasjen ikkje er bemanna av dei som har etablert boltane.
  - Dersom det oppstår situasjonar der boltane vert tekne i bruk på ein måte som kan medføre fare, kan styret krevje fjerning på kort varsel – jf. verneforskrifta § 3 pkt. 1 som set forbod mot inngrep av alle slag.
2. Tilrettelegginga vart gjort utan nødvendig godkjenning etter verneforskrifta, og saka vert rapportert til Miljødirektoratet – jf pkt. 8.5 i styrevedtekten

**Saksopplysningar**

Etter varsling om at det var sett opp boreboltar på ruta mot Galdhøpiggen i kanten av Piggebreen tok nasjonalparkforvaltar kontakt med Juvasshytta og gjort merksam på at slik tilrettelegging krev godkjenning frå forvaltninga. Juvasshytta hadde etablert tiltaket i

samarbeid med Raubergstulen, og dei søkte i fellesskap om å få behalde boltane ved e-post . Nasjonalparkstyret gjorde slik vedtak i sak 12/2013 i møte 25.04.2013:

1. *Før nasjonalparkstyret tek endeleg stilling til spørsmålet om eventuell fjerning av boreboltar som er etablert i kanten av Piggebrean, utan nødvendig godkjenning, vil ein vurdere saka nærmare i dialog med søker og med aktuelle fagmiljø knytt til sikring og ferdsel i høgfjellet.*
2. *Det blir innkalla til synfaring på seinsommaren 2013, der SNO/oppbyn, minst ein av forvaltarane og eventuelt nokon frå styret og aktuelt fagmiljø deltek saman med søker.*
3. *Fram til saka får si endelige behandling må det ikkje riggast tau som blir ståande oppe når passasjen ikkje er bemanna av dei som har etablert boltane.*
4. *Dersom det oppstår situasjonar der folk tek i bruk innretningane på ein måte som kan medføre fare, kan styret krevje fjerning på kort varsel – jf. verneforskrifta § 3 pkt. 1 som set forbod mot inngrep av alle slag.*

Bakgrunnen for saka går fram av saksutgreiinga til sak 12/2013 (markert med grått)

## Saksopplysningar

Juvasshytta v/ Per Arne Vole og Raubergstulen v/ Amund Mundhjeld søker om dispensasjon for plassering av boreboltar i Piggeura i Jotunheimen Nasjonalpark. Vedlagt søknaden er kart med avmerka plassering ▲, sjå kartutsnitt:



Boltane vart sett ut i 2011, og SNO og forvaltninga vart merksame på forholdet etter spørsmål frå publikum om grunnlaget for slik tilrettelegging. Saksbehandlar tok kontakt med Juvasshytta og fekk stadfesta at det var førarane som hadde plassert ut boltane. Det vart da gjort merksam på at slik tilrettelegging må vurderast etter verneforskrift, og at forvaltninga må følgje opp saka og krevje fjerning, eller behandle saka dersom det kjem søknad om dispensasjon for å behalde boltane.

I søknaden er det m.a. gjeve følgjande utgreiing om plassering og grunngjeving om behov:

«Ura og ruta opp mot Galdhøpiggen har i de seinere åra blitt en mere utsatt plass. Piggebrean har i alle år laget en brei hylle som er en del av ruta. Med de senere års harde smelting av breen, er det i perioder blitt mye is og den tidligere hylla er mer eller mindre borte. Med det som resultat at det blir en bratt bakke som fører rett ned i store sprekkområder. En utglidning her kan være fatal.

Førerne ved ovennevnte bedrifter legger i disse periodene ut faste tau for å styre trafikken, samt bremse opp ved eventuelle fall. I tillegg står det alltid førere der for å veilede turistene vi har med på tur.

Vi som driver daglig kjenner til forholdene og er klar over faren, men det er også mange andre aktører i guidemarkedet som ikke har daglig oversikt over forholdene. Og heller ikke har nødvendig utstyr med seg. Det er derfor viktig at vi finner løsninger som gjør at tauene kan

*ligge ute permanent i de farlige periodene på sensommer og høst.*

*Stedet vi må feste tauene er grov blokkur med dårlige muligheter for å finne gode naturlige sikringsmetoder. Det eneste som kan fungere tilfredsstillende er borebolter som festes i fjellet. Vi vurderte situasjonen i 2011 å være så dramatisk med mye folk og ekstremt glatt og bratt bre at vi plasserte tre borebolter i grov blokk. Boltene er omtrent to centimeter i diameter og 5 centimeter lange. De er mulige å fjerne ved en senere anledning, og er synlige bare korte deler av året.*

*Dette var et ledd i vårt arbeid for å gjøre turen til Galdhøpiggen sikrere for turister og som arbeidsplass for førerne.*

*Vi ser dette i sammenheng med flere tiltak vi har gjennomført de siste årene, med plassering av sikkerhetsutstyr, sambandsutstyr og hjertestarter. Samt en kompetanseheving av våre guider med kurs og øvelser.»*

## **Forholdet til verneforskrift og forvaltningsplan**

Gjeldande verneforskrift § 3 har følgjande reglar om tekniske inngrep i nasjonalparken:

### **1. Landskapet**

*Landskapet skal vere verna mot tekniske inngrep av alle slag, herunder veg- og jernbanebygging, bergverksdrift, massetak, vassdragsregulering, framføring av luftleidningar, taubaner, heisar, flyplassar o.l. og mot oppføring, utviding eller ombygging av bygningar og anlegg av alle slag. Det er heller ikkje tillate å utføre forundersøkingar for tekniske inngrep. - - - -»*

Forbodet mot inngrep av alle slag er vidareført i forslaget til revidert verneforskrift

Forslag til forvaltningsplan kap. 8.5. omhandlar tilrettelegging for ferdsel og merking av fotturruter. Dei generelle føringane er:

*«Friluftsliv inngår som ein del av verneformålet for Jotunheimen nasjonalpark og for Utladalen landskapsvernområde ved at ”Ålmenta skal ha høve til naturoppleveling gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging” (framlegg til verneforskrifter § 2). I verneområda er det i dag lagt godt til rette for fjellvandring og skiturar. Dei fleste fotturrutene er godt T-merkte, og over fleire elver/bekkar er det bygd bruar/klopper.*

*— — —  
«Både for ekstensivt og intensivt friluftsliv bør dei aktuelle tilretteleggingstiltaka utførast med så små inngrep som mogleg, slik at naturpreget i Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i størst mogleg grad blir halde ved lag.*

*Forvaltningsstyresmakta og oppsynet har i liten grad kapasitet til sjølve å stå for naudsynte tilretteleggingstiltak. Forvaltningsstyresmakta må konsentrere seg om ein strategi for kvar og korleis tilrettelegginga skal skje og informere grunneigarar, kommunar, organisasjonar og lag om dette. Merking og tilrettelegging i områda som grenser inntil verneområda bør og vurderast saman med det som er strategien for verneområda.»*

Utdrag av avsnitt om Sikringstiltak for friluftslivet/ferdsel i nytt forslag til forvaltningsplan:

*«Som hovudregel skal sikringstiltak for å lette ferdsla eller gjøre ferdsla tryggare ikkje vere nokon praksis i verneområda, fordi dei utgjer varige inngrep, og fordi retten til fri ferdsel i utmark kviler på at ferdsla skjer på eiga ansvar. Det er valt å gjøre unntak frå dette på to punkt på T-merkte stiar i nasjonalparken: kjetting på ”Vesleløyfti” på stien frå Besseggen ned til Gjendesheim (2005) og wire ved Bukkelegret (etablert før nasjonalparkvernet, men løyve til vedlikehald blir gjeve). Vesleløfti og Bukkelegret er svært profilerte og markedsførte turruter, delvis pga. tilretteleggingsnivået elles gjennom rutebåten på Gjende. På grunn av vanskegraden på noen punkt og omfanget av ferdsel er det valt å gje løyve til enkle sikringstiltak her. DNT er ansvarleg for vedlikehald av sikringstiltaka på desse to rutene. Det er fjerna wire/kjetting i Vesle-Utladalen og frå Midtmaradalen og opp på Bandet.»*

*— — —*

*«Det vil vere viktig å ikkje senke terskelen for sikringstiltak, og fylkesmennene vil generelt vere restriktive med slike tiltak. Dette er også understreka av Direktoratet for naturforvaltning.»*

Det må vurderast om tiltaket er i strid med dei overordna måla for verneområdet eller mot verneformålet samla sett. Forvalningsstyremakta må også vurdere konsekvensar av ein dispensasjon, t.d. om den vil opne for nye søknader på tilsvarende grunnlag.

## Vurdering

Det er prinsipielt svært uheldig å utføre tiltak innan verneområde utan avklaring i høve til verneforskrifta på førehand. Styret må ta stilling til om boltane skal krevjast fjerna, eller om forholda er slik at tilrettelegginga kan aksepterast gjennom ei vurdering av om vilkåra for dispensasjon kan vera til stades. Det er i utgangspunktet streng haldning til etablering av faste installasjonar i nasjonalparken, ut over generell merking og skilting av eit godkjent løpenett.

Når det gjeld tilsvarende installasjonar er det enkelte andre lokalitetar der det er etablert sikring. Det er boltar/kjetting på utsette parti på Bukkelegeret og Vesløyfete på Besseggenstigen ned frå Veslfjellet mot Gjendesheim. Sikring på Bukkelegeret var etablert før nasjonalparken vart oppretta, medan sikringa ned frå Veslfjellet på Besseggenstigen vart etablert i medhald av dispensasjon i 2005. Det har altså ikkje vore ei absolutt avvisande haldning når det gjeld tekniske innretningar for å sikre dei som ferdast i nasjonalparken, men kvar dispensasjon må vurderast på individuelt grunnlag.

Det er også registrert ulovlege boltar i Jo-stigen ved Gjende, og denne saka får nærmare oppfølging med krav om fjerning.

Søkjarane meiner at boltane er viktig sikringstiltak under spesielle føreforhold. Boltane blir nytta til å setja opp ei line som folk kan halde seg i, for å unngå at nokon sklir ned.

Denne saka har to sider:

- 1) Forvaltninga skal ta stilling til fordelar og ulemper – jf nmf § 48
- 2) Tiltakshavar må nøye vurdere sikringa i høve til ansvarsforhold – både overfor eigne gjester/kundar og overfor dei som ferdast i området på eige hand.

Boltar med boring i fjell inngår ikkje i opplista tiltak som forvalningsstyremakta kan gje løyve til, og tilrettelegginga må såleis vurderast etter generelle dispensasjonsreglar i verneforskrifta. Ved iverksetting av naturmangfaldlova vart desse avløyst av nmf § 48. Naturmangfaldlova § 48 første ledd set rammer for kva unntak som kan vurderast:  
*«Forvalningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»*

Formålet med opprettингa av Jotunheimen nasjonalpark er «å verne eit vilt, eigenarta, vakkert og i stor grad urørt fjellandskap med dyre- og planteliv på overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur. I nasjonalparken skal det innafor visse rammer vere høve til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske, undervisning og forskning.»

Når det gjeld naturmangfaldlovas § 9 *Føre-var prinsippet* og § 10 *Økosystemtilnærming og samla belastning* kan det vera uheldig å opne for installasjonar som legg til rette for at folk kan ta seg fram på område som frå naturen si side er

skjerma mot utstrakt ferdsel. Men sidan ruta mot Galdhøpiggen ligg i brukssone med stor trafikk, uavhengig av den aktuelle tilrettelegginga, kan ein si at enkelttiltak på denne heilt spesielle ruta ikkje vil skape uheldig presedens i høve til tilrettelegging på rutenettet generelt. §§ 11 og 12 om ansvar for kostnader ved miljøförringning og miljøforsvarlege teknikkar/driftsmetodar vert ikkje vurdert som relevante for denne saka.

Boltane i seg sjølv er såpass små og lite synlege at dei i liten grad vil ha påverknad på landskapsverdiane. Dei vil heller ikkje vera i konflikt med naturmangfald, og ein kan såleis si at dei «*ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig*». Det andre vilkåret vil vera om «*sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig*» med unntak i medhald av naturmangfaldlova.

Spørsmålet om sikkerheit er svært vanskeleg i dette tilfellet. Tilrettelegginga vil bidra til at folk kan gå på Galdhøpiggen, også i periodar av året da dei naturgjevne tilhøva ikkje ligg til rette for at folk kan ta seg fram over breen. Bruk av boltane for utlegging av sikringstau vil nok gjera det sikrare enn om ein ikkje har tilrettelegging, men ein kan også sjå at tilrettelegging vil få fleire til å krysse det vanskelege partiet når forholda frå naturen si side er slike at ein heller burde snu.

Det må diskuterast om forholda på staden er slike at ein ikkje bør ha tilrettelegging som gjer at turistar som ferdast på eige hand og ikkje er så kjende på staden let seg freiste til å forsera det vanskelege partiet når det er lagt ut tau – som blir eit signal om at her er det greitt å gå. Opplegget er oppfatta slik at turistane sjølv må halde seg fast i tauet, og ein må da stille spørsmål ved kva som kan skje dersom nokon sklir på underlaget og mistar taket i tauet samstundes med at han/ho mistar balansen.

I søknaden er forholda på staden skildra slik: «*Piggebreen har i alle år laget en brei hylle som er en del av ruta. Med de senere års harde smelting av breen, er det i perioder blitt mye is og den tidligere hylla er mer eller mindre borte. Med det som resultat at det blir en bratt bakke som fører rett ned i store sprekkområder. En utglidning her kan være fatal.*»

Dvs at ein som mistar taket i tauet vil vera utsett for livsfare om han sklir utfør, og dette tilseier at dersom ein i det heile skal opne for å leggje ut tau, må det vera under føresetnad av at sikringa får ein kvalitet som held mål overfor alle som følgjer ruta. Søkjane skriv at det «*står det alltid førere der for å veilede turistene vi har med på tur*». Det blir samstundes søkt om å ha taua ståande permanent når det er vanskelege forhold, og det betyr at folk vil kunne passere utan å ha erfarte førarar til å sikre og rettleie seg.

Tilrettelegging på denne plassen er vanskeleg å tilrå utan at den er kopla til personleg føring med tilfredsstillande sikring av kvar enkelt. Dvs at eventuelle tau må takast vekk når det ikkje er kvalifisert førar på staden. Om sikringa i seg sjølv er bra nok, når den føreset at folk må halde tak i tauet sjølv, bør også vurderast nærmare.

Det er vanskeleg å tilrå dispensasjon for dette tiltaket, da tilrettelegginga med utlegging av tau kan gje falsk tryggleik og bidra til at folk forserer området når dei naturgjevne forholda tilseier at ein heller bør snu. Dei som går på Galdhøpiggen i eigen regi bør ikkje lokkast til å gå over denne passasjen når breen er nedsmelta på seinsommaren og utover hausten, dersom dei manglar nødvendig kompetanse og tilfredsstillande sikringsutstyr.

Før nasjonalparkstyret tek endeleg stilling til spørsmålet om fjerning, er det ønskjeleg å vurdere saka nærmare i dialog med søker og med aktuelle fagmiljø knytt til sikring og ferdsel i høgfjellet. Synfaring bør gjennomførast på seinsommaren 2013. Det må ikkje riggast tau som blir ståande oppe når passasjen ikkje er bemanna. Eventuell bruk av

boltane i perioden fram mot endeleg vedtak føreset at førar heile tida er til stades for rettleiing og ivaretaking av sikring. Ein minner om at det er tiltakshavar som har ansvar for tilrettelegging.

Synfaring og drøftingsmøte vart gjennomført 21. august, der følgjande deltok:

- Breførarar Amund Mundhjeld og Per Mundhjeld frå Raubergstulen
- Nasjonalparkforvaltarar Magnus Snøtun og Kari Sveen
- Tiltakshavar Per Arne Vole deltok berre i møtet etter synfaringa pga sjukdom (breførar Vidar Stee leia taulaget frå Juvasshytta, men var ikkje med i møtet)

**Vurdering etter synfaring og møte:**

Breførarane framheva tauet som vart spent mellom boltane som eit viktig tiltak for å hindre at folk gjekk ut på kanten mot Piggebreen. Tauet er ikkje arrangert slik at folk må gå og halde seg fast i dette for å kunne krysse kanten av breen, men skal leie folk opp mot ura for å unngå at folk blir gåande på isen når snøen har smelta av og det kan vera fare for å skli utfor. Vurderinga gjort i sak 12/2013 (referert over) baserer seg derfor delvis på misforståing av korleis tauet skal fungere, men er relevant for det som gjeld vurdering etter verneforskrifta.

Stigen er slik at når ein kjem ovanfrå er det lett å ta i veg på yttersporet, og etter kvart kjem ein her ut på øvre kanten av Piggebreen. Tauet som er festa i boltane fungerer som eit ledegjerde, som held turgårarane inn mot ura. Ved vanskelege forhold har førarane etablert eit samarbeid for å ha nokon ståande ved dette punktet og sjå til at folk held seg ovafor tauet, og heilt oppe på steinane når snø- og isforholda er slike at ein ikke får godt fotfeste på breen. Tauet er ikkje etablert som sikringselement som folk skal halde seg fast i, men markerer yttergrensa for kor det er forsvarleg å gå.

Bileta under viser lokaliteten:





Biletet over til venstre viser korleis tauet er meint å leie folk inn mot ura, i staden for å gå ut over breen der det kan kjennast lettare å gå. Vidare nedover vil ein normalt krysse øvre del av breen, som vanlegvis er dekka av snø. Når det er slike forhold på breen at snøen er smelta vekk og det berre er is, er det fare for å skli nedover breen. Då bør breførarane sikre passasjen ved å la tauet gå over brepassasjen. Mellombelse sikringar i isen bør då brukast i tillegg til eksisterande boltar for å sikre tauet vidare nedover. Dette vil kreve at breførarane hjelper kundane sine forbi dette punktet. Til vanleg stoppar tauet i kanten av breen, men det var under synfaringa ein laus ende på nokre meter som kanskje nokon kanskje kunne freistast til å halde seg fast i så langt den rakk. Dette kan føre til feil bruk, og i verste fall ulykker.

Ved utplassering av tekniske innretningar er det viktig å tenkje over korleis dei kan oppfattast av folk som ferdast i området på eige hand. Slik tauet er arrangert i dag, fungerer det berre som ledgjerde for folk som kjem ovanfrå. Når ein går opp må ein passere breen før ein kjem til tauet, og det er derfor liten grunn til å tru at folk som er på tur opp mot Piggen vil oppfatte dette som teikn på at det er trygt å gå over langs kanten av breen. Under vanskelege forhold med behov for særleg styring av ferdsla må punktet vera bemanna, og tau som står permanent kan ikkje arrangerast slik at folk som kjem nedanfrå kan oppfatte det som teikn på at breområdet er trygt å forsera ved hjelp av tauet.

Tau på den strekninga der det er sett opp har ein nyttefunksjon som ledgjerde, men det burde vore lagt meir vekt på utforminga. Det var brukt ulike typar boltar, og det var ein laus ende av tauet i nedre kanten. Dersom ein skal ha tekniske installasjonar er det viktig med god estetisk utforming og jamleg tilsyn/vedlikehald. Med eventuelt behov for tau over ei lengre strekning enn det som stod oppe under synfaringa, må punktet vera bemanna så lenge tauet står oppe.

Innsetting av faste boltar går ut over høvet forvalningsstyresmakta har til å gje løyve i medhald av § 3 pkt 1.3.2 som opnar for «*Merking av ei rimeleg mengd turistruter og -løyper og oppsetjing av vegvisarar når det skjer på ein måte som ikkje verkar skjemmande eller dominerande i terrenget.*» Eit eventuelt løyve må derfor forankrast i den generelle dispensasjonsheimelen i forskrifta § 4, nå naturmangfaldlova § 48:

#### **§ 4. Unnatak i særskilde høve**

*Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak fra vernereglane når formålet med vernet krev det, for vitskapelege undersøkingar, arbeid eller tiltak av vesentleg verdi for samfunnet, eller i særlege tilfelle dersom det ikkje strider mot formålet med vernet.*

Naturmangfaldlova § 48:

*«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.*

*I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretakelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område.*

*Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskriften eller forvaltningsmyndighetens samtykke.*

*Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.»*

Når det det gjeld dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12, viser ein til vurderingane i sak 12/2013. Boltane i seg sjølv er såpass små og lite synlege at dei i liten grad vil ha påverknad på landskapsverdiane. Dei vil heller ikkje vera i konflikt med naturmangfald, og ein kan såleis si at dei «*ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig*», jf naturmangfaldlovas § 48. Det er likevel viktig å unngå unødvendige inngrep i nasjonalparken, og ein viser til revidert utkast til forvaltningsplan, som signaliserer ei generelt streng haldning til denne typen innretningar. Ut ifrå den enormt store trafikken etter ruta mot Galdhøpiggen kan ein likevel vurdere denne typen tiltak, da enkelttiltak her ikkje vil skape uheldig presedens i høve til tilrettelegging på rutennettet generelt. Galdhøpiggen og Besseggen er i ei særstilling når det gjeld ferdsel, og tilrettelegginga ein kan tillate på desse to sterke brukssonene med massiv marknadsføring og turisttrafikk kan ikkje utan vidare overførast til dei behov ein kan sjå på strekningars med meir normal ferdsel og utøving av friluftsliv i tradisjonell forstand. Dette ut ifrå at marknadsføringa av desse to rutene trekkjer til seg ein del gjester med lite fjellerfaring, og som derfor vil ha behov for meir tilrettelegging enn det ein normalt vil opne for i nasjonalparken. Det at det er på store utferdsdagar kan vera opp mot 1000 besökande på toppen på ein dag, gjer at behovet for å leie folkemengda vil vera større her enn på strekningars med meir normal ferdsel.

#### **Ulovleg tiltak:**

Tilrettelegginga er gjort utan førehandsgodkjenning i medhald av verneforskrift. Styret kan krevje tiltaket fjerna, men forvaltarane har etter synfaring kome til ei tilråding om å godkjenne søknad om dispensasjon for å ha boltane ståande.

Ulovlege tiltak skal likevel følgjast om med ei konkret vurdering av ein eventuell reaksjon.

Styret har som forvaltningsstyresmakt «*eit sjølvstendig ansvar for å sjå til at alle brot på reglane i verneforskriftene som styret får kjennskap til, anten vert*

*rapportert/meldt til politiet eller vert rapport til Direktoratet for naturforvaltning for eventuelle administrative sanksjoner, jf. naturmangfaldlova kap. VIII.» - jf styrevedtektena pkt. 8.5 - Brot på naturmangfaldlova/verneforskriftene. (Saksbehandlar sin merknad: Det ser ut til å vera vist til feil kap. i naturmangfaldlova i vedtektena)*

Styret må etter dette ta stilling til om ein skal melde saka eller rapportere til Miljødirektoratet (før DN) for eventuelle administrative sanksjonar. Det blir tilrådd å rapportere saka til direktoratet. Tiltakshavar har opplyst at dei ikkje tenkte over at boltane låg utanom det som ligg inne i løyvet til å tilrettelegge og merke ruter/stigar, og forvaltar finn det ikkje naturleg å melde forholdet til politiet ut ifrå situasjonen dei var i da tiltaket vart utført. Tiltaket ligg langs ei eksisterande og intensivt nytta rute, og vart utført i ein situasjon da førarane opplevde det som eit nødvendig strakstiltak for å betre tryggleiken.

Arkivsaksnr: 2013/4762-0

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 19.09.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	35/2013	26.09.2013

## Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2013 - Skilting til Jostigen og "Gjendinsjå" - Jørn Breili

### Forvaltar si innstilling

1. Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen viser til generelle forbodet mot nye tilretteleggingstiltak innanfor verneområdet, og avslår søknad av 09.07.13 frå Jørn Breili om løyve til skilting/merking av Jo-stigen og oppsetjing av namneskilt på ein plass han vil kalle «Gjendinsjå». Dette er i tråd med tilrådinga frå Vågå tilsynsutval, jf uttale av 19.09.13.
  - Jo-stigen er ei såpass utfordrande rute at ein ikkje ønskjer traseen skilta på ein måte som kan leie urøynde folk opp i den bratte fjellsida, og styret viser til at det er eit bra rutenett i området som eignar seg godt for allmenn ferdsel.
  - Ifølgje forvaltningsplanen vil den som har løyve til merking og/eller oppsetting av bruer m.m., også ha ansvar for tilsyn og vedlikehald av tiltaket. Dette tilseier at løyve ikkje bør gjevast til enkeltpersonar, men må ha forankring i ein organisasjon eller bedrift som representerer ein kontinuitet i det aktuelle området. - Skilting av nye namn på utsiktspunkt er i strid med forvaltningsplanen, som seier at «Skilt ute i naturen i verneområda som opplyser meir enn ein vegvisar, skal det som hovudregel vere minst mogleg av», og bør vera knytt til tryggleik, særskilte kulturminne og liknande. Skiltet med det oppkonstruerte namnet «Gjendinsjå» er ikkje av slik karakter.
2. Tilrettelegginga vart gjort utan nødvendig godkjenning etter verneforskrifta, og saka vert rapportert til Miljødirektoratet – jf pkt. 8.5 i styrevedtekten.
3. Eventuelle nye forsøk på merking av Jo-stigen vil bli meldt til politiet som brot på verneforskrifta for nasjonalparken.

## Saksopplysningar

### Saksdokument

1. Jørn Breili – søknad av 09.07.13 om løyve til skilting/merking av Jo-stigen og oppsetjing av namneskilt på ein plass han vil kalle «Gjendinsjå»
2. Rapport datert 19.07.11 om merking/varding av Jo-stigen frå Vågå fjellstyre
3. e-post av 21.06.13 frå naturrettleiar vedlagt bilet av merkinga som var gjort der Jo-stigen kjem inn på Bandet på Besseggen
4. Avisnotisar GD 14.06.13 og 20.06.13 ang. Jo-stigen, oversendt frå Vågå fjellstyre.
5. Uttale frå Vågå tilsynsutval – e-post av 19.09.13.

### Om søknaden

Vågå fjelloppsyn sendte 19.07.11 rapport til Fylkesmannen om diverse tilrettelegging langs Jo-stigen. Oppsynet fjerna merkinga, i samråd med forvalningsstyremakta. På grunnlag av dette vart det gjennomført synfaring sommaren 2012 med nasjonalparkforvaltarane, representantar frå miljøvernnavdelingane og Statens naturoppsyn. Det vart da konkludert med at ruta ikkje er eigna for generell merking, som kan leie lite fjellvante folk opp i eit nokså utfordrande terren. Sommaren 2013 fekk forvaltinga på ny melding frå oppsynet om merking med vardar og oppsetting av visningsskilt mot Jo-stigen frå stigen langs Gjende. Avisnotisar i GD frå juni 2013 refererte til same person som hadde utført tilsvarende merking i 2011. Nasjonalparkforvaltar Kari Sveen tok kontakt med Breili på telefon 01.07.13 og orienterte om at eventuell merking berre kan skje etter løyve i medhald av verneforskrift, og at skiltet som peikar til Jo-stigen og vardane som han hadde sett opp att i sommar var fjerna av oppsynet.

Jørn Breili har deretter ved brev av 09.07.13 søkt om løyve til skilting/merking av Jo-stigen og oppsetjing av namneskilt på ein plass han vil kalle «Gjendinsjå», sjå vedlegg. Søknaden kom etter at han vart orientert om avgjerd om fjerning av skilt mot Jo-stigen og understrekning av at fysisk tilrettelegging i form av vardar og skilt ikkje kan skje utan godkjenning etter verneforskrift for nasjonalparken.

Søknaden er sendt tilsynsutvalet i Vågå for uttale, ved brev av 06.08.13.

### Verneforskrift

Det er eit generelt forbod mot inngrep i nasjonalparken. Forvalningsstyremakta kan i medhald av forskrifa § 3 pkt. 1.3.2.gi løyve til: «Merking av ei rimeleg mengd turistruter og -løyper og oppsetjing av vegvisarar når det skjer på ein måte som ikkje verkar skjemmande eller dominerande i terrenget.»

### Forvaltningsplan

Forvaltningsplanen har følgjande *Retningslinjer* for merking av stigar:

«*Tilrettelegging for ferdsel skal ta strenge omsyn til naturverdiane. Merking av fotturruter skal følgje Merkeinstruksen (utarbeidd av DN og DNT). Vegvisarar skal vere nøkterne og lagast i naturmateriale. Det skal takast omsyn til fauna og flora ved merking av stiar. - - - Den som har løyve til merking og/eller oppsetting av bruver m.m., har også ansvar for tilsyn og vedlikehald av tiltaket.*» Ifølgje merkeinstruksen bør merkinga ikkje vere meir omfattande enn det som er absolutt naudsynt for ein sikker ferdsel. I forvaltningsplanen blir det vist til «*at enkelte område bør vere urørt slik at rutevalet blir overlate til fjellvandrarane sin eigen bruk av kart og fantasi.*»

Når det gjeld ymse skilting signaliserer forvaltningsplanen ei streng haldning:

«*Skilt ute i naturen i verneområda som opplyser meir enn ein vegvisar, skal det som hovudregel vere minst mogleg av. Slike skilt kan det likevel vere ønskjeleg å setje opp både m.o.t. tryggleik og ved særskilte kulturminne. Eventuelle løyve i samband med oppsetting av skilt må vurderast i kvart enkelt høve.*»

### **Vurdering**

Den såkalla Jo-stigen er det gamle råket som det blir fortalt at den kjende fjellkaren Jo Gjende nyttja når han ville raskt opp i høgfjellet for å jakte rein. Stigen tek opp frå Gjende ca fire km

vest for Gjendesheim, og går i ur og på berghyller bratt oppover fjellsida. Etter nær 500 høgdemeter kjem ein inn på turiststigen over Besseggen. For folk i bra fysisk form er det er ein fin tur når det er god sikt og tørt underlag, men ved skodde kan ein lett koma ut på bergehamrane med stupbratt terreng ned mot Gjende. Det er også noko laus Stein enkelte plassar i råket, så det er viktig å vera merksam på at det kan trille ned ein og annan Stein dersom du går nedanfor andre som oppheld seg i løypa.

Breili meiner at merkinga gjer det sikrare å gå Jo-stigen, og det er nok rett at det er sikrare for dei som uansett vil gå der, men slik nasjonalparkforvaltarane og SNO vurderte det etter synfaring i 2012 kan merkinga med vegvisar og vardar også leie heilt framande og lite fjellkyndige personar til ei vel utfordrande rute. Turen eignar seg ikkje under dårlige vertilhøve med dårlig sikt og vått underlag. Både frå Memurubu, Gjendesheim og Valdres er det tilbod om føring på fjellruta om Jo-stigen, så det er mogleg å koma til området under trygg leiing om nokon ønskjer det.

Vi har sett fleire døme på at mange turistar manglar føresetnader for å vurdere vertilhøve og eigne føresetnader for å ta fatt på ukjende ruter. Dette gjer seg særleg gjeldande i dei lettast tilgjengelege områda i nasjonalparken; mellom anna Gjende-området. Det er om lag 1-1,5 time lett vandring til plassen der Jo-stigen tek opp. Utan skilting vil knapt nokon finne på å gå oppover lia her, om dei ikkje er kjende med traseen og har rett fotty og føresetnader for å ta seg fram i såpass utfordrande terreng. Med skilting vil også urøynde folk sjå at det er ei alternativ rute, og ein del ser skilting som ei forsikring om at det er trygt å følgje markeringane.

Breili viser til at Jo-stigen ikkje er verre enn mange andre plassar som er merka, og han trekkjer m.a. fram Bukkelegeret som døme på dette. Her må det leggjast til at Bukkelegeret hadde T-merka stig lenge før nasjonalparken vart oppretta, og området ligg lenger inne i fjellheimen og er såleis mindre tilgjengeleg for tilfeldige turistar på rusletur. Uansett vil forvaltninga ha rett til å vurdere eventuelle nye trasear på fritt grunnlag – uavhengig av om det er andre ruter av tilsvarende vanskegrad som allereie er merka.

Vågå tilsynsutval har i møte 19/9 behandla sak, og har lagt fram slik vurdering og uttale:

Vurdering:

*Sidan Jostigen er ei utfordrande rute, bør den ikkje bli tilrettelagt ved merking med vegvisar og vardar. Jostigen eignar seg for fjellkyndige personar, og for grupper med kjentmann/guide. Både Memurubu og Gjendesheim tilbyr føring til Jostigen, så det er mogleg å kome til området under trygg leiing. Det er fleire døme på at turistar manglar føresetnader for å vurdere vertilhøve og eigne føresetnader for å ta fatt på ukjende ruter, noko som gjer seg særleg gjeldande i dei lettast tilgjengelege områda i nasjonalparken, m.a. Gjendeområdet.*

*Namnet "Gjendinsjå" er eit ukjent namn her lokalt, og det blir heilt feil og unødvendig å setje opp eit slikt skilt.*

Innstilling til vedtak:

*Tilsynsutvalet for Jotunheimen nasjonalpark i Vågå viser til saksutgreiinga og meiner søknaden frå Jørn Breili om skilting til Jostigen og oppsetjing av eit namneskilt må avvisast. Sidan Jostigen kan vera ei utfordrande rute for ein del, og den ligg i eit område med stor trafikk, meiner tilsynsutvalet at den ikkje må tilretteleggast med vegvisar og vardar. Jostigen eignar seg best for grupper med føring.*

*Tilsynsutvalet tykkjer elles det er svært uheldig at ein person som for to år sidan fekk ein advarsel frå nasjonalparkforvaltninga etter merking og tilrettelegging av Jostigen, nå på nytt har merkt og utført diverse tilretteleggstiltak utan å ha søkt.*

Vedtak:

*Samrøystes: Som innstillinga.*

Nasjonalparkstyret skal ta stilling til om det ligg føre gode grunnar for å gjera unntak frå det generelle forbodet mot nye tilretteleggingstiltak innanfor verneområdet for følgjande to tiltak:

### 1. Spørsmål om skiltet «Gjendinsjå»

Forvaltningsplanen signaliserer ei streng haldning til skilt som ikkje er nødvendige som vegvisar eller som har særskild informasjon om t.d. tryggleik, kulturminne eller liknande. Eit namneskilt for å formidle eit konstruert namn som ein privatperson har funne opp har ikkje slik allmenn verdi at det er aktuelt å vurdere løyve til tiltaket. Det er og utanom myndighetsområdet for nasjonalparkstyret å godkjenne nye stadnamn, men ein vil likevel gjera ei vurdering av denne typen skilting. Om ein skulle opne for ein praksis med å tillate namneskilt på fine utsiktsplassar i Jotunheimen, ville det bli ei mengd skilt som ein vanskeleg vil kunne halde ved like, og dette vil vera ei form for forsøpling av naturområdet. Det er heller ikkje slik at ein utan vidare kan finne opp eit namn utan forankring på staden, og «Gjendinsjå» er eit framandt namn som ikkje høyrer til på staden eller i lokale namnetradisjonar, jf uttalen frå tilsynsutvalet i Vågå. Forskrift til lov om stadnamn slår fast at når nye namneobjekt skal namnsetjast, bør namneskikken på staden følgjast. Plassen ligg i Vågå kommune, og det er frå lokalt hald ikkje sett fram ønskje eller behov om namnsetting av plassen som Breili for sin eigen del kallar «Gjendinsjå». Han kan gjerne ha sitt eige namn på plassen, men han kan ikkje markere det med unødvendige skilt i nasjonalparken.

### 2. Skilting og merking av Jo-stigen

Nasjonalparkstyret kan i medhald av verneforskrifta vurdere dispensasjon for «*Merking av ei rimeleg mengd turistruter og –løyper - - -*». Skilting som viser til Jo-stigen vert vurdert som ei tilrettelegging som kan leie ukjende opp i eit for utfordrande terren, og vi ser at mange ikkje evnar å vurdere vertilhøva når dei går i fjellet. Vågå tilsynsutval har, med sin lokalkunnskap, konkludert med at Jo-stigen ikkje eignar seg for allmenn skilting. Bruken av stigen føreset bra sikt og særskild aktsemd frå dei som ferdast der, og lite fjellvande folk har ikkje alltid føresetnader for å vurdere kva turar ein bør velje under varierande forhold.

Ifølgje forvaltningsplanen vil den som har løyve til merking og/eller oppsettning av bruer m.m., også ha ansvar for tilsyn og vedlikehald av tiltaket. Dette tilseier at løyve ikkje bør gjevast til enkeltpersonar, men må ha forankring i ein organisasjon eller bedrift som representerer ein kontinuitet i det aktuelle området.

### Ulovleg tiltak:

Tilrettelegginga er gjort utan søknad eller godkjenning i medhald av verneforskrift.

Styret har som forvalningsstyresmakt «*eit sjølvstendig ansvar for å sjå til at alle brot på reglane i verneforskriftene som styret får kjennskap til, anten vert rapportert/meldt til politiet eller vert rapport til Direktoratet for naturforvaltning for eventuelle administrative sanksjoner, jf. naturmangfaldlova kap. VIII.*» - jf styrevedtektena pkt. 8.5 - *Brot på naturmangfaldlova/verneforskriftene.*

Styret må ta stilling til om ein skal melde saka eller rapportere til Miljødirektoratet (før DN) for eventuelle administrative sanksjonar. Vi har her å gjera med ein person som to gonger har teke seg til rette med ny merking som ikkje er godkjent etter verneforskrifta. Breili vart i 2011 gjort merksam på at tiltaket krev særskild løyve, men valde likevel å merke på ny i 2013 sjølv om han da var gjort kjend med regelverket og pålagt fjerning av tiltak i 2011.

Det kan på bakgrunn av dette vera naturleg å melde forholdet til politiet nå, men det er ikkje skriftleg dokumentasjon på oppfølginga i 2011. Det vart gjeve ei munnleg åtvaring frå saksbehandlar hos Fylkesmannen, men det ser ut som om tiltakshavar likevel ikkje har forstått reglane som gjeld i nasjonalparken. Dette kan ha samanheng med at daverande leiar i nasjonalparkstyret uttala seg positivt om tilrettelegging av Jo-stigen i lokalpressa i 2011, slik at Breili kan ha fått eit noko uklart inntrykk av korleis forvaltninga såg på tilrettelegginga. Merkinga og skilta er enkle tiltak som lett let seg fjerne, men er heilt klart i strid med verneforskrifta som krev behandling av eventuell ny merka rute. Forvaltar legg her til grunn at boltane i berget eit stykke oppe i lia ikkje er sett opp av Breili – jf hans eige utgreiing som skil mellom dette tiltaket

og den enklare merkinga som han erkjenner å ha utført. Forvaltar vurderer tiltaket sin karakter å vera mindre alvorleg enn irreversible inngrep, og tilrår i denne omgang rapportering av forholdet til Miljødirektoratet framfor å opprette politisak. Dette fordi ein ikkje har skriftleg dokumentasjon som på oppfølginga overfor Breili i 2011. Eventuelle nye forsøk på merking av Jo-stigen må bli meldt til politiet som brot på verneforskrifta for nasjonalparken.

Arkivsaksnr: 2013/575-0

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 19.09.2013

<b>Utval</b>	<b>Utvalssak</b>	<b>Møtedato</b>
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	36/2013	26.09.2013

**Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Drøftingssak om  
styret si rolle, arbeidsform/ansvarsfordeling og innspel til prioriterte  
oppgåver/tiltak**

Saka vert lagt fram for ein open diskusjon utan innstilling.  
Bakgrunnsnotat vert lagt fram i møtet eller ettersendt.

Arkivsaksnr: 2013/5721-0

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 12.09.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	38/2013	26.09.2013

## **Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2014-2016 - Bessegglopet - Besseggen Arrangement**

SAKA BLIR ETTERSENDT

### **Forvaltar si innstilling**

### **Saksopplysningar**

#### **Vurdering**

Bessegglopet er ikkje omtala i utkast til forvaltningsplan frå 2008, men for arrangement har planen følgjande

#### **Retningslinjer:**

*Omfanget av arrangement (medrekna eventuell motorferdsel) må ikkje gå utover verneverdiar og verneformål og kome i konflikt med tradisjonelt friluftsliv.*